

Kvinnherad kulturskule.

Læreplan for

TREBLÅS

i kjerneprogrammet.



1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles». Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleving og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til

kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervising i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

Kontaktpersonar:

Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES Heimeside:

www.kulturskulen.kvinnherad.no

2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetansemåla uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventa at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

3. Alder

Du kan byrje å spele treblås frå 2./3. klasse.

4. Instrument/utstyr

- Fløyte, klarinett, saksofon

- Notar

Kulturskulen låner ut treblåsinstrument. Notar kjøper ein etter behov for den enkelte elev.

5. Organisering av undervisningen

Undervisning i treblås er lagt til Kulturskulen på Husnes.

Ein får undervisning anten som enkelttimar (22,5 min) eller gruppetimar (45 min)

6. Konserter og samspill:

Det er viktig med samspel og å bli vane med å spele saman med andre.

Anten på same instrument eller saman med andre instrument. Alle treblåselevar skal i løpet undervisningsåret få tilbud om å opptre på minst to konsertar eller prosjekt som inngår i kulturskulen sitt undervisningstilbud.

7. Egenøving

Læraren fortel eleven kvifor og kor mykje eleven bør øve. Kulturskulen forventar at eleven øver regelmessig, og kjem førebudd til timen.

8. Evaluering/Utviklingssamtaler

I løpet av skuleåret skal det vere ein utviklingssamtale tilpassa alder og nivå.

Lærer, elev og føresette deltek på denne. Tema som kan vere aktuelle å ta opp er utvikling, utfordringar, arbeidsinnsats, resultat, trivsel og ambisjonar.

Samstundes bør eleven få høve til å kome med innspel og ynskjer.

9. Mål for undervisninga på kjerneprogram, organisering.

1. Nybegynnarar
2. Mellomnivå
3. Vidarekomne

I treblåundervisninga vil elev og lærar heile tida leita etter «dei magiske augneblinka». Det er viktig at elevane får ei «oppleving» på timane, og at dei får kjensla av å meistra noko. Det er viktig å skape trygge rammer som gjev rom for utvikling og glede. Læraren må gje variert undervisning og velja undervisningsstoff og lærebøker som passar til den einskilde elev. Føresette er ei god støtte, og dei må hjelpe elevane med gode øvingsrutinar heime.

1. Nybegynnarar

- Bli kjende med instrumentet. Læra korleis ein set saman instrumentet, og elles vedlikehald og behandling.
- Læra om spelestilling og haldning
- Læra å laga lyd i instrumentet.
- Læra å spela ulike tonar.
- Læra seg riktig blåseteknikk, fingerteknikk og tungeteknikk
- Læra notenamn og læra å lesa notar (om ein ikkje kan dette frå før).
- Forstå enkle rytmar og noteverdiar. (Heilnote, halvnote, firedelsnote, åttandelsnote, pausar..)
- Forstå kva taktar og takstrekar er.
- Kjenna igjen fortegn # og b.
- Læra ein eller fleire skalaar utanåt. Til dømes; C-dur, F-dur
- Kunna spela enkle melodiar både med og utan notar.
- Øve på å lytte. For å høyre t.d god klang, rytmar og ulike tonar.
- Øve på improvisasjon.

- Få ei positiv oppleving med musikk.
- Få inn gode øvingsrutinar.
- Bli trygg på å spela framfor eit publikum ved å opptre på konsertar.

2. Mellomnivå

- Jobba vidare med å utvikla god klang i instrumentet.
- Læra seg fleire tonar og grep.
- Læra fleire skalaar og treklangar.
- Jobba med intonasjon.
- Læra fleire noteverdiar og rytmar.
- Forstå korleis notesystemet er med t.d. repetisjonsteikn, hus, og taktartar.
- Øve vidare på å lytte både til seg sjølv og andre i samspel
- Øve på komponering
- Kunna spele nokre stykker utanåt og kunne improvisera.
- Øve på «bladspel»
- Forstå dei ulike dynamikkuttrykka.
- Forstå og kunna spela med ulike typar artikulasjon, som legato, stakkato, tenuto og marcato.
- Arbeida med frasering og presisjon.
- Bli kjend med ulike musikkjangrar.
- Oppretthalde dei gode øvingsrutinane, og gjerne ha litt lengre øvingsøker.
- Få meir konserterfaring og erfaring med å opptre framføre publikum.

3. Vidarekomne

- Ytterlegare utviding av toneomfang
- Vidareutvikla tekniske dugleikar.
- Arbeida vidare med klang og intonasjon.

- Arbeida vidare med lytting og musikalsk uttrykk.
- Opparbeida eit variert repertoar innan ulike sjangrar.
- Øve vidare på komponering og improvisasjon.
- Fortsetja med å øve godt heime- no er rutinane der!
- Delta i samspel med andre elevar på treblås og andre instrument.
- Delta på konsertar og gjerne oppmoda om å melda seg på konkurransar om eleven er klar for det.